

**VEDTEKTER  
FOR  
FORELDRERÅDET SITT ARBEIDSUTVALG (FAU)  
VED MYKING SKULE**

**§ 1. Foreldrerådet**

Alle foreldre som har barn ved skulen, er medlem av foreldrerådet.

Foreldrerådet skal arbeide for å skape eit godt samhald mellom heimen og skulen, legge til rette for trivsel og positiv utvikling hjå elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet.

Foreldrerådet har to møte per år, i september og i juni.

**§ 2. Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU)**

Foreldrerådets arbeidsutval (FAU) er eit arbeidsutval valt av kvart klassetrinn og er det utøvande organet for foreldrerådet. FAU er bindeleddet mellom foreldra og skulen. FAU skal sikre reell medverknad for foreldra, og ha medansvar for at læringsmiljøet til elevane er trygt og godt.

**§ 3. Val av- og konstituera FAU**

Alle trinn ved Myking skule skal velje FAU representant og klassekontakt/ vararepresentant til FAU, for kommande skuleår på våren sine foreldremøte. (a)

For å oppretthalde kontinuitet i arbeidet for klassen sin, skal representantane veljast for to år, bortsett frå 1. og 7. klasse. I 1. klasse vert klassekontakt/vararepresentant til FAU vald for 1 år og i 7. klasse vert FAU representant vald for 1 år. (b)

Klassen sin FAU representant har det overordna ansvaret for klassekontaktsarbeidet og representerer bindeleddet mellom foreldra og FAU.

FAU konstituerer seg sjølv på 1. møte etter sommarferien. I FAU vert det vald vara for leiar, kasserar, sekretær og styremedlemmer. Det vert også vald representantar til samarbeid- og skolemiljøutvalet (SU/SKMU).

Leiar vert valt, utanom klassekontaktane, for eit år om gongen av eit samla foreldreråd.

*Klassekontakt/ vararepresentant til FAU frå 1.kl, 3.kl og 5.kl vert valnemnd for å finne FAU leiar.  
Representanten frå 5. kl vert leiar.*

**§4. FAU sitt formål er:**

- vere eit bindeledd mellom foreldra/foreldrekontaktar og skulen/ skulen sitt styre (Samarbeid- og skolemiljøutvalet, SU / SKMU).
- ivareta og fremme fellesinteresser til skulen sine foreldre.
- medverke til at elevar og foreldre tar aktivt del i arbeidet for å skape eit godt skolemiljø og eit godt samhald mellom heimen og skulen.
- sikre breie demokratiske debattar og ha innspel.

Arbeidsutvalet sine oppgåver er ikkje:

- å handsame personalsaker eller saker som angår enkeltpersonar.

### **§ 5. Taushetsplikt**

Forvaltningslova sine reglar om taushetsplikt gjeld for foreldrekontaktar og medlemmar av skulen sine rådsorgan (opplæringslova § 15-1).

Det kan veljast undergrupper i FAU som arbeidar med nærmere definerte oppgåver eller prosjekt.

### **§ 6. Møte**

FAU har møte omlag ein gong i månaden, eller ved behov. Ellers dersom minst 3 medlemmar krev det. Møteinkalling skal skje skriftleg. Ved avstemming gjeld prinsippet om simpelt fleirtall. Ved like mange stemmer, har utvalets leiari dobbeltstemme. Referat skal førast for alle møter. Møteinkalling og møtereferat vert sendt arbeidsutvalet sine medlemmar, og vert publisert.

Leiar kan innkalte til ekstraordinære møter dersom det oppstår behov for det.

### **§7. Samarbeid- og skudemiljøutval ved Myking skule**

Samarbeidsutvalet er det øvste samarbeidsorganet i skulen. Alle skular skal ha samarbeidsutval og skudemiljøutval. Det er heimla i opplæringslova § 11.

Alle partane i skulen skal vere representert: elevar, foreldre, undervisningspersonalet, andre tilsette og to representantar frå kommunen, samt rektor.

FAU vel ein representant til skulen sitt samarbeidsutval (SU) og ein representant til skudemiljøutvalet (SKMU), samt ein vara til kvar.

I tillegg skal leiaren i FAU vere med i kvart utval. Vara for leiari i FAU er også vara for leiari i SU/ SKMU. Funksjonstida er 1 år. (c)

### **§ 8. Økonomi**

FAU har disposisjonsrett over midlar som kjem inn på arrangement i regi av foreldrerådet/ FAU.

Bevillingar kan berre gjevest til formål som kjem skulen sine elevar direkte til gode. Rekneskap vert lagt fram på årsmøtet.

### **§ 9. Vedtektsendring**

Forslag til endringar eller tillegg til desse retningslinjer må sendast skriftleg til FAU. Endringar i retningslinjene krev 2/3 fleirtall ved handsaming i FAU.

*Vedtekta er vedtatt av FAU 19.april 2016.*

**(a)**

**FAU-representant** – sit i FAU og utfører oppgåver som vert tildelt der. Denne personen tar med seg eventuelle saker frå den enkelte klasse som må takast opp i FAU, og som gjeld meir enn ein klasse.

**Klassekontakt/vararepresentant til FAU** – planlegg klasseforeldremøte i samarbeid med kontaktlærar, og har ansvaret for å ta med mat/drikke til klasseforeldremøta. Det er også denne personen som skal kontaktast ved eventuelle problem i den enkelte klasse. Vert kalla inn til FAU møte dersom FAU representant er forhindra i å stille.

**(b)**

- 1.klasse: FAU representant – sit i 2 år  
Klassekontakt/ vararepresentant til FAU – sit i eit år
2. klasse: Vel klassekontakt/vararepresentant til FAU – sit i 2 år
3. klasse: Vel FAU representant – sit i 2 år
4. klasse: Vel klassekontakt/vararepresentant til FAU – sit i 2 år
5. klasse: Vel FAU representant – sit i 2 år
6. klasse: Vel klassekontakt/ vararepresentant til FAU – sit i 2 år
7. klasse: Vel FAU representant – sit i eit år

**(c)**

SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.

**SU kan uttale seg om følgjande:**

- Forslag til budsjett
- Verksemnd - og utviklingsplanar for skulen
- Plan for heim-skule-samarbeid
- Skulevurdering
- Planar for ombygging og vedlikehald av skuleanlegga
- Skulen sin informasjonsverksemnd
- Prinsipp for val av bøker til skulebiblioteket
- Fritidsaktivitetar
- Skuleskyss
- Trafikkforhold og korleis skulevegen kan sikrast
- Ordensreglementet

**Formålet til skolemiljøutvalet er:**

- å auke deltakinga frå elevane, foreldra, skulen og dei tilsette i arbeidet med skolemiljøet.
- Gje råd til skulen om skolemiljøet
- Ikkje fatte bindande vedtak
- Be skulen om å setje inn tiltak for å betre det fysiske og psykososiale miljøet

**Skolemiljøutvalet må:**

- Halde seg orientert om og gje råd til skulen om det fysiske og psykososiale miljøet
- Gje skulen forslag til tiltak viss utvalet ynskjer at forholda skal bli betre

